



**Oddmund Soldal frå Uskedalen var raskast i klassa 41.45 år under karusellrennet som Rosendal turnlag heldt i Fjellhaugen denne veka. Lagkameraten Steinar Haugland var 33 sekunder etter. Raskast i 5-kilometersløypa var Kjetil Mehl frå Omvikdalen. som vann 22-35 år.**

Bjørn Olav Tveit frå Uskedalen vann klasse 36-40 år eit knapt minutt foran Jørn Hjelmeland frå Omvikdalen. Tormod Myklebust frå Uskedalen gjekk denne gongen på 17,57 i klassa 61.65 år,

I 3-kilometersløypa var Ingebjørg Haugland (17 år) denne gongen 12 sekundar raskare enn Kari Bråtun (16 år).

Tord Sæle frå Uskedalen vann 15-årsklassa 24 sekundar foran lagkameraten Johannes Haugland i 2-kilometeren og jenter 13 (som også gjekk 2 kilometer) hadde Sara Guddal frå Rosendal på topp foran Solveig Guddal og Ingvild E. Myklebust frå Uskedalen. Veslemøy Haugland vann 12-årsklassa som gjekk 1,3 kilometer,

I gutar 11 var Jarand J, Eide 4 og Harald M. Lekva 5. Silje Soldal deltok i jenter 10 år og det same gjorde Jostein Soldal og Martin H. Arnesen - i same klasse

Biletet: Ingebjørg Haugland var strået kvassare enn Kari Bråtun denne gongen. Dette biletet vart teke under det første karusellrennet (Foto: Ola Matti Mathisen)

